



Hjarteleg velkomne til EidCup 2025 😊

Handballgruppa i Eid IL arrangerer for andre gong handballcup for aldersgruppa 9-16 år for både gutar og jenter.

Vi kan tilby eit særskilt kompakt turneringsområde, der kampene vil gå av stabelen i to ulike hallar. Den eine er klisterfri og vil bli nytta til gruppene som ikkje nyttar klister, medan den andre hallen husar kampene til dei eldste.

I mellom hallane ligg skulane der tilreisande lag får tilbod om overnatting, det er og høve til å ordne seg anna overnatting om laga ynskjer dette. Ta kontakt om de ynskjer informasjon om andre tilgjengelege overnattingsplassar her på Nordfjordeid.

Det vil vere servering av middag til alle cupdeltakarane i Operahuset Nordfjord, vårt kulturhus, laurdag kl. 14.00-16.00. Det blir servert frukost laurdag og søndag 08.00-10.00 på skulane. Operahuset ligg 5 minutt gange frå Eid idrettshus, 10 minutt gange frå skulane og Eidahallen.

Dersom det er spesielle behov eller matallergiar, gje beskjed på førehand.

Vi har og turneringssamarbeid med ein lokal aktør som leverer pizza på skulane om de ynskjer bestille take-away på kvelden. Det er og fleire andre aktørar i Nordfjordeid sentrum som kan bidra med mat til ein kvar smak 😊

Vi vil tilby ei kvalitetsturnering med to dommarar på alle kampar, eit minimum på 4 kampar pr lag og trygge rammer for born, ungdom og vaksne heile helga på Nordfjordeid. Alle vakter har fått opplæring, og skal vere godt kjent med tenkjelege og utenkjelege utfordringar som må løysast for tilreisande gjester sitt beste. Vi vil vere tilgjengelege heile døgnet og skal bidra alt vi kan for trivnad og handballglede hand i hand.

Turneringa vert avvikla i henhald til NHF sitt turneringsreglement.

Av sosiale tiltak utanom kampene har vi ein del tilbod på lur. I Eid idrettshus vert det tilbod om symjing i symjehall, med kvalifiserte symjevakter. I Gymmen sal og scene vil det vere diskotek for dei

Yngste, og andre morosame aktivitetar laurdag kveld. Dei eldre borna og ungdomane kan nyte godt av Eid Idrettslag sitt samarbeid med Malakoff (Ein stor musikkfestival på Nordfjordeid), som stiller sine lokale tilgjengeleg for ei uforgløyemeleg cup-oppleving på laurdagskvelden i samarbeid med ungdomsgruppa i Malakoff-styret. Det vil og vere aktivitetar på skulane der laga bur, som skal syte føre kjekke opplevingar for alle.

Sentrum av Nordfjordeid har utvikla seg til å bli eit handelssentrum i Nordfjord, og mange butikkar kan besøkjast kun 10-15 min gange frå turneringsområdet. Vi har og flotte parkanlegg med badestrand like ved om det vert ei verkeleg flott seinsumars helg. Er de interesserte i historia til Vikingane kan vi tilby flotte Sagastad, som er eit flott museum knytt til denne spennande epoken i Norsk historie. På Nordfjordeid er det ei eiga Sagaløype de kan spasere med mykje lærdom og flotte opplevingar om veret er på vår side.

I sentrum ligg Hamna Aktivitet og Helse som kan tilby buldring og leik for alle aldersgrupper.

Vi håpar mange lag har lyst kome til oss og bli med å byggje den kjekkaste og beste oppstartsturneringa på Nord-Vestlandet 😊 Vi er ekte handballpatriotar, og skal leggje alt til rette for ei super oppleving for alle tilreisande.

Påmeldingsavgift pr lag: 1300,-

A-kort (900,- pr deltakar)

Speleberettiget under turneringa
Cup T-skjorte
Tilgang til aktivitetar i svømmehall og buldring Hamna
Diskotek/konsert
Overnatting
Frukost
Middag

B-kort (400,- pr deltakar)

Speleberettiget under turneringa
Cup T-skjorte
Tilgang til aktivitetar i svømmehall og buldring Hamna
Middag

Alle lag som bestiller overnatting får også tilgang til 2 gratis overnattande vaksne saman med laget, utover 2 må eige A-kort bestillast per overnattande vaksen.

Hugs å legge inn bestillingar på cupen sine flotte t-skjorte til vaksne i Profixio 😊

Vi ynskjer dykk alle hjarteleg velkomne til ei super cup-oppleving på Nordfjordeid 5.-7. september 2025 🧡❤️

